

Flygstad (gnr. 139)

Eit av dei gamle, gode gardnamn som vanskeleg let seg tyde. Det ligg nær å tru det kan koma av eit mannsnamn Fljogr, men det må og seiast å vera uvisst. Ein merkar seg at i skrift var vokalen i forleden y alt på 1500-talet.

Det er i manntalet for ekstraskatten Gjengjerden 1528 vi først finn garden Flygstad nemnt. Brukaren der heitte da Bjørn, og gardnamnet er skrivi Flychstadt. "Bjørn Flychstadt" er det første som er ført i manntalet. I 1560 er brukaren der kalla Tordt Fliestadt, og han svara den utlikna skatten Foring med ½ dalar. I 1594 er "Fløgstad" ført i gruppa for "Halffue gaarde". Ved uttreidsla av Tiendekorn i 1604 er skrivemåten av namnet "Flystad" og uttreidla var 3 mæle korn som t.d. for "Grønnlie". Frå to år seinare er det fortalt at "Oluff Fløgstad laa i Horlevnet med Karen Nielsdotter och haffde sin egtequinde". For denne utruskapan vart han dømd til å betale ei pengebot på 16 rd. Etter pengeverdien i den tid svara bota til 16 kuverde. År 1621 finn ein gardnamnet for første gong skrive Flygstad, og brukar der var da Gudbrand, "Gudbrand Flygstad".

Registret over jordeigande bønder i Fåberg i 1615 er berre lite, og det er få ein finn der. Registret over jordeigande bønder i Fåberg i 1624 er heller ikkje stort, men blant dei ein finn der, er både Bjørn Fligstad og Gudmund Fligstad. Båe åtte jordegods til 1 hud i bemeldte Fligstad, men det var Gudmund som hadde bygsla. I 1645 var dei båe framleis brukarar på "Flygstad", og båe var gifte så Kopskatten 1645 vart betalt for to Mandfolch og to Quindfolch med til saman ½ dalar og 16 skilling i pengar.

Men tolv år seinare var det Olle og Knud som hadde kvar sin av "Flogestad"-gardane, og husdyrhaldet hos dei var slett ikkje lite. Buskapan hos Knut var såleis: 1 hoppe, 2 hestar, 14 naut, 12 sauer og 1 gris, og dei tilsvarande husdyr hos Ole var: 1 hoppe, 1 hest, 10 naut og 10 sauer. Visst var det hestalnad i Fåberg alt i den tid. Båe brukarane var og jordeigande bønder. Knut åtte såleis jordegods til 2 huder 4 skinn i "Fløgstad", og Oluff (Olle) Fløgstad var innbergar av ½ hud i "Rudj i Heedallen".

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Fløgstad" fortalt at garden var brukt av Oluff og Knud isaman. Landskylda kunne svarast anten med 2 huder 4 skinn eller med 5 bismarpund 8 merker smør; men brukarane var da sjølv eigarar av alt Fløgstad. Vidare går det om garden fram at enga, innmarka var "Tømmelig goed, Kand iche widere forbedris". Det var skog til "gaards Nøtte, En liden Hommelhage, noget Braadeland, Shielbreede Setter till Sommerbeed". Buskapan av store husdyr var da 4 hestar og 26 naut, og korntienda vart uttreidd med 4 tønner, som altså svara til ei årsavling på 40 tønner. Det er elles opplyst at Fløgstad hadde eiga bekkevern.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Da og der er garden kalla "Flogstad med Lunne Wolødegaard", og det var da to større bruk som hadde dette namnet. Brukar på den eine av desse gardane var Bjørn Olsen, og brukar på den andre var Gudmund Knudsen. Vidare er det om desse gardane fortalt at Bjørn og Gudmund hadde gardsbruket Ulsrud, av skyld 1 hud, isaman. Landskylda på kvar av Flogstad-gardane var da 1 hud og 3 skinn og buskapan på kvar av gardane var like stor, nemleg: 3 hestar, 15 naut og 10 sauer. På Ulsrud var buskapan: 1 hest, 6 naut og 8 sauer.

I 1735 er den "Flogstad"-garden som Bjørn hadde, kalla "Fløgstad Nordre Stue", og sonen Ole Bjørnsen Fløgstad fekk da samsøskenskjøte på garden, framleis av skyld 1 hud 9 skinn, for kjøpesum 130 rd.

Ole Gudmundsen Fløgstad gifta seg i 1731 med Mari Pedersdtr. Simenrud, og dei fekk to barn: Inger, som i 1752 gifta seg med Lars Olsen Ovren, og Marit f. 1735, død 1763. Men husbonden Ole Gunmundsen døde alt i 1748. Enka etter han, Mari Pedersdtr., gifta seg så oppatt med Erik Gudmundsen Toft, som i ei årrekke vart brukar på søre Flygstad.

Om "Lunde-Volden" under "Fløgstad" handlar ei sak av 1745. Kaptein Elias Olsen Hoel i Gausdal gav da skjøte til Erich Gudmundsen Fløgstad på det halve, nemlig 3 skinn, i "Lundevolden (under Fløgstad) for 120 rd." Samtidig gav og kaptein Elias Hoel skjøte på den andre halvdel av Lundevollen til Ole Bjørnsen Fløgstad også for 120 rd. – Om husmannsplassen Grundrud haldar ei sak av 1751. Ole Bjørnsen Fløgstad gav da bygselseddel til Bertel Olsen "på en under hans gård Fløgstad til og underliggende husmandsplads Grundrud kaldet mot å svare i årlig husleie 2 rd. i årsarbeide." – I 1758 er det atter opplyst at grd. Ulsrud av skyld 1 hud også da vart brukt under Fløgstad.

Bjørn Olsen på nordre Flygstad hadde etter det føregåande ein son, Ole Bjørnsen, som i 1731 gifta seg med Mari Gudmundstr., og dei fekk fleire born: det var: 1. Sigrid f. 1732, 2. Ole f. 1735, 3. Kari f. 1736, 4. Ole f. 1739, 5. Mari f. 1741, 6. Gudmund f. 1745. Ole Bjørnsen brukte elles nordre Flygstad visstnok til i 1763.

Erik Gudmundsen var framleis brukar på søre Fløgstad i 1760. Han lånte da 400 rd. av Jacob Tungerud mot pant i grd. Fløgstad. Samtidig lånte han og 100 rd. av Siver Erichsen mot pant i plassen Veiverud (Væverud), som ein her finn nemnt for første gong.

Ole Bjørnsen Fløgstad nordre døde i 1763, og borna i ekteskapet ga da skjøte til eldste broren Ole Olsen på grd. "Fløgstad Nordistue" av skyld 1 h du 9 skinn for kjøpesum 400 rd.

Ole Olsen Fløgstad, som da tok over som husbond på ættegarden, gifta seg i 1764 med Inga Jensdtr. Blegen, og dei fekk 5 born. Dei var: 1. Ole f. 1765, 2. Jens f. 1767, 3. Mari f. 1769, 4. Christen f. 1771, 5. Berte f. 1774.

I mellomtida hadde i 1772 Erik Gudmundsen skjøta odelsgarden søre "Fløgstad" over til sonen Ole Erikssen. Kjøpesummen for garden var 899 rd., men med i handelen var da "gårdens ganske løsøreeffekter". – Den nye eigaren Ole Eriksen Flugstad hadde elles odelsgarden samla berre i eitt år. Da gav han i 1773 to skjøte, som her er av stor interesse, og som etter utskrift av panteregistret har denne ordlyden:

"Flugstad Søndre.

Skjøte dat. og tinglest 18. februar 1773.

Fra Ole Erichsen Søndre Flugstad av Fåberg prestegjeld til Jens Arnesen Nedre Dahlen på halvdel av gården Søndre Flugstad av skyld 10 ½ skind undtagen pladsen Weiverud for sum 570 rd. Kjøperen skal svare halvdel av det på gården heftende føderåd. Selgeren forbeholder sig å få innløse gården igjen senere om han finder forgodt for den samme sum 570 rd."

"Veiverud.

Skjøte dat. 18. febr. 1773 tgl. 7. oktober s.å.

Fra Ole Erichsen Flugstad av Fåberg prestegjeld til sin yngre bror Gudmund Erichsen på en fra hans påboende gård Flugstad av skyld 1 hud 9 skind med en plads kaldet Veiveruud så vidt den nu er innhegnet, en eng kaldet Grundrudringen og Sveen samt fornøden brendefang og tømmer i gårdens skov, tillikemed en del løsøre effekter for sum 200 rd."

Men året etter gav i 1774 Ole Eriksen Flugstad skjøte til Jens Arnesen Nerdalen også på den andre halvdel av grn. Flugstad, Flugstad av skyld 9 skind, for sum 630 rd. Dermed hadde altså Jens Arnesen samla søre Flugstad att på si hand. Vi minner om at til dette bruket låg og det før sjølstendige bruket Ulsrud.

Av år 1793 er eit skifte som gir fleire opplysningar om garden søre Flygstad. Husmora der. Marie Olsdtr. Flugstad, var død, og det var arveskifte på "Flygstad med Ulsrud i Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, Flygstad av skyld 1 hud 7 ½ skinn verdsett til 1200 rd., og buet utgjorde brutto 1500 rd. og netto 468 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Jens Arnesen dei 4 borna i ekteskapet: 1. Ole 8 år, 2. Kari 7 år, 3. Ingrid 4 år, 4. Marie 2 år.

Enkemannen Jens Arnesen gifta seg oppatt med Marit Olsdtr., og dei fekk i sitt ekteskap 3 born: a. Ingeborg, b. Arne, c. Ole.

To år seinare vart i år 1800 garden ”Søndre Fluxstad med underliggende Ulsrud av skyld 1 hud 7 ½ skinn seld ved auksjon til Christen Christensen Storberge for kjøpesum 1400 rd. I mellomtida hadde så husbonden på nordre Flygstad Ole Olsen d.e. i 1798 skjøta ættegarden Fløgstad nordre av skyld 1 hud 9 skinn over til sonen Ole Olsen d.y. for sum 899 rd. + føderåd til foreldra.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da tre familiar på ”Fløgstad” nordre og fire familiar på ”Fløgstad” søre.

Dei var: På Fløgstad søre:

1. familie: 1. Ole Olsen, husbonden, 34 år, 2. Jens Olsen, tenestekar, 32 år, 3. Berte Olsdtr., tenestkvinne, 25 år, 4. Guri Jensdtr., tenestkvinne, 58 år.
2. familie: 1. Ole Olsen, føderådsmann, 62 år, 2. Inga Jensdtr., kona hans, 64 år, 3. Christen Olsen, føderådsmann, 62 år, 4. Thorger Larsen, ”Gaaer i Dagleie”, 40 år, 5. Beret Haagensdtr., ”IndlægdsLem, 77 år.
3. familie: 1. Jacob Engebretsen, husmann med jord, 41 år, 2. Berit Larsdtr., kona hans, 36 år, 3. Sidsill Jacobsdtr., dotter deres, 12 år, 4. Helga, dotter deres. 9 år, 5. Ingebor, dotter deres, 6 år, 6. Christen, son deres, 2 år.

På Fløgstad nordre:

1. familie: 1. Christen Christensen, husbonden, 30 år, 2. Randi Hansdtr., kona hans, 29 år, 3. Berthe Christensdtr., dotter deres, 9 år, 4. Johannes, son deres, 6 år, 5. Kari, dotter deres, 3 år, 6. Christen, son deres, 1 år, 7. Peder Christensen, tenestkar, 23 år, 8. Christen Larsen, tenestkar, 23 år, 9. Anne Pedersdtr., tenestkvinne, 19 år, 10. Martha Christensdtr., tenestkvinne, 19 år, 11. Dordi Johansdtr., ”Inderste og har lægd”, 56 år.
2. familie: 1. Arne Torgersen, føderådsmann, 77 år, 2. Ole Jensen, soneson hans, 17 år.
3. familie: 1. Marit Olsdtr., husmor, enke, føderådskone, 31 år. 2. Arne Jensen son hennar, 6 år, 3. Ole Jensen, son hennar, 5 år, 4. Ingeborg Jensdtr .m dotter hennar, 4 år, Christen Nielsen, legdbarn, 9 år.
4. familie: 1. Lars Mortensen, ”Landværn, Inderste uden jord, gaaer i Dagleie”, 43 år, 2. Sønnøv Olsdtr., kona hans, 35 år, 3. Morten Larsen, son deira, 8 år, 4. Sidsill, dotter deira, 1 år.

Året etter gav i 1802 Christen Christensen nordre Jørstad, som Christen da kalla, skjøte til Simen Syversen Jørstad på Søndre Flugstad av skyld 1 hud 7 ½ skinn for 1499 rd.

Men etter atter eitt år døde i 1803 den nye, unge eigaren Simen Syversen, og det var da atter dødsbuskifte på ”Flugstad med Ulsrud i Faaberg”. Ved dette skiftet vart garden taksert for 1500 rd., og buet utgjorde 1914 rd. og netto 701 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Kari Erichsdtr. dei to borna i ekteskapet: Eli, som da var 6 år, og Simen, som var 4 år.

Enka Kari Erichsdtr. gifta seg oppatt med Peder Olsen Simenrud og gav i 1808 skjøte saman med mannen sin til Peder Hammerseng, Peder øvre Jørstad og Amund Hov på Fløgstad av skyld 1 hud 1 ½ skinn med Ulsrud 6 skinn tilsm. 1 hud 7 ½ skinn for 2100 rd. og føderåd til Arne Torgersen og Marit Olsdtr. – To år seinare selde så Peder Hammerseng, Peder øvre Jørstad og Amund Hov grd. Flygstad søre til Christen Christensen Jongerud for 2400 rd. I 1813 er Christen Flygstad kalla Christen Hattemaker. Han selde da nokre jordstykke av ”Søndre Fløgstad” for 600 rd. Samtidig gav og Christen Hattemaker skjøte til Thore Pedersen på ein annan parsell av garden Fløgstad for 700 rbd. og vidare skjøte til Peder Iversen Bøe på Fløgstadvolden etc. for 500 rbd. I samband med denne handelen vart så Fløgstadvolden

skyldsett ifrå grd. søre Fløgstad og fekk i skyld 6 skinn. Av år 1813 er og eit tinglyst forlik mellom Christen Hattemaker og Tore Fløgstad om 2250 rd. D.C. Same året vart og engelandet Haugen skyldsett frå søre Fløgstad og fekk 3 ½ skinn i skyld.

På Flygstad nordre hadde i mellomtida Ole Olsen den yngre avløyst Ole Olsen den eldre. Men Ole Olsen Flygstad født 1765 døde alt i 1816. Enka etter han, Anne Erlandsdtr. f. Grønlien, gifta seg så oppatt med Niels Eriksen Toft, som framleis var brukar på nordre Flygstad i 1838. Litt meir om storleiken på gardane går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Flygstadgardane fortalt m.a. dette: a. På ”Flugstad” hos Ole var buskapen: 1 ½ hest (i samføring og sambruk med Veiverud) og 10 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 35 tønner. B. på Veiverud var dei tilsvarande tal: ½ hest og 3 naut, og kornavlinga ca. 10 tn. c. på Flygstad hos Thorvald var husdyrhaldet 1 hest og 4 naut, og kornavlinga også kring 10 tønner, d. På Flygstad os Niels var dei tilsvarande tal 4 hestar og 20 naut, og kornavlinga kring 65 tønner, og vidare var dei tilsvarande tal for Flygstadrønningen: 2 naut og 4 tønner korn.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut i ei matrikkelskylduttrykt i skylddalar, ort og skilling. For garden det her gjeld vart da namnet skrive ”Fløgstad”, og det er ført 7 løpenummer under matrikkelnummer 76 Fløgstad: Dei er: a. løpenr. 91 Fløgstad søndre av ny skyld: 4 dalar 2 ort 19 skilling, der Ole Jensen var oppsittar, b. løpenr. 92 Veiverud, skyld: 1 dalar 2 ort, 3 skilling, oppsittar: Simen Simensen, 3c. løpenr. 93 Fløgstadhaugen, skyld 1 dlr. 2 ort 3 skilling, eigar eller brukar: Jon Blegen, d. Løpenr. 94 Fløgstadvolden, skyld: 1 dlr, 2 ort 3 skilling, eigar eller brukar: Ole Pedersen, 3. løpenr. 95 Flygstadrønningen, skyld: 1 ort 11 skilling, oppsittar Ole Olsen, f. Løpenr. 96 a Fløgstad nordre, skyld: 7 dalar 4 ort 20 skilling, oppsittar: Niels Eriksen, g. Løpenr. 96 b Fløgstadhaugen nedre, skyld: 1 dlr, 17 skilling, oppsittar: Jens Olsen.

To år etter var i 1840 husfrua på nordre Flygstad, Anne Erlandsdtr., død, og det var skifte på ”Flugstad med Ulsrud i Faaberg”. Ved dette skiftet vart garden verdsett til 1400 spd., og arvebuet utgjorde brutto 1600 spd. Og netto 967 spd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Niels Eriksen, dei to borna i ekteskapet: 1. Oleana, som var gift med Arne Jørgensen, 2. Christina Sophia, 18 år.

På Flygstad søre gav I 1840 Ole Jensen Flugstad bruksseddel til Arne jensen “og tilkommende kone” på bruken av eit engeland på 2 mælingar m.m. Og i 1855 skjøta Ole Jensen garden over til sonen Jens Olsen for kjøpesum 900 spd. og føderåd til foreldra Ole Jensen og Berte Olsdtr. – På Veiverud gav i 1861 husbonden Simen Simensen skjøte til Johan, Christian og Even Pedersøner på denne eigendommen for 550 spd. + føderåd verdsett til 250 spd. På Fløgstadvolden var det i 1847 eksekusjon hos Syver Ulshuus, og i 1849 kjøpte lensmann Seielstad og prokurator Bjerck denne eigedommen og ein part av Grønlien. Åtte år seinare selde elles lensmannen og prokuratoren desse bruka vidare til Petter Olsen Koxlien. – På Flygstadrønningen var det i 1861 skyldsetningsforretning, og ein parsell engeland kalla Ringen vart da skylddelt ifrå og selt til Christian Amundsen Blegen. Samtidig fekk og Even Iversen skjøte på resten av eigedommen for 250 spd. + føderåd verdsett til 150 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det da oppgitt av det var 8 løpenr. under matr.nr. 76 Flugstad. Jordbruksareal av åker, eng og seterlykker, husdyr og utsæd var da på desse bruk:

- a. Flugstad søre: areal: 104 mål, husdyr: 2 hestar, 13 storfe, 20 småfe, utsæd: 5 ½ tønne korn, 5 tn. settepoteter;
- b. Veiverud: areal: 37 mål;
- c. Flugstadhaugen søre: areal: 104 mål, husdyr: 2 hestar, 12 storfe, utsæd: 5 tn. korn, 4 ½ tn. settepoteter;
- d. Volden: areal: 74 mål; e. Rønningen: areal: 28 mål, husdyr: 3 storfe. 1 småfe,
- e. Rønningen: areal 28 mål, husdyr: 3 storfe, 1 småfe,

- f. Rønningen, C. Blegen: areal: 12 mål;
- g. Flugstad nordre: areal: 285 mål, husdyr; 4 hestar, 21 storfe, 9 småfe, utsæde: 10 tn. korn, 8 tn. settepoteter;
- h. Haugen nedre: areal: 41 mål, husdyr: 1 hest, 3 storfe, 5 småfe, utsæd: 3 tn. korn, 2 tn. settepoteter.

I 1840-70 var det fleire utskiftingar av sameigemark og –skog der Flygstad og hadde gamle bruksrettar. I 1840 var det såleis utskifting av Østtorpa setersameige, i 1854 var det utskifting av Fåberg Vestfjell, og i 1870 var det utskiftinga av Skjelbrei- og Åltjernmarkens sameigeskog.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Garden det her gjeld fekk da skriveforma "Flygstad" og som nytt gardsnummer, nr. 139, av samla skyld 15,51 mark. Garden var framleis sterkt utparsellert, og det var da 9 bruksnr. Under gardsnr. 139. Dei var: Grn. 139, brn. 1 Flygstad søndre, av skyld 7,60 mark, som Jens Olsen var eigar eller brukar av, brn. 2 Veiverud skyld 1,66 mark, eigar eller brukar: Tore Olsen, brn. 3 Haugen, skyld 3,42 mark, eigar eller brukar: Kristian Bleiken, brn. 4 Volden, skyld 3,66 mark, eigar eller brukar: Peter Olsen, brn. 4 Rydningen, skyld 0,82 mark, eigar eller brukar: Even Iversen, brn. 6 Ringen, skyld 0,39 mark, eigar eller brukar: Kristian Bleiken, brn. 7 Flygstad nordre, skyld 13,55 mark, eigar eller brukar: Nils Arnesen, brn. 8 Haugen nedre, skyld 1,54 mark, eigar eller brukar: Hans Kristensen, brn. 9 Brahus eller Gullringen (Seter), skyld 0,42 mark, eigar eller brukar: Simen Hansen Haugen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det vidare skjedd dei skifte at brn. 3 Haugen da vart overtatt av John Kristiansen, brn. 4 Volden var overtatt av Peter Olsens enke, brn. 6 Ringen var seld til John Kristiansen, og Simen Hansen hadde kjøpt brn. 8 Haugen nedre. Dessutan var: brn. 10 Flygstadvolden nordre, skyld 1,65 mark, seld til Peder Olsen Kokslie, og brn. 11 Voldheim, skyld 0,18 mark, og brn. 12 Voldheim, skyld 0,12 mark var baa bruksnummer overtatt av Kristian Olausen.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 19 personar med røysterett på og/eller ved Flygstad. Dei var: 1. gardbr. Simen H. Flygstadhaugen, 54 år, 2. husmor Marie G. Flygstadhaugen, 52 år, 3. gardbr. Even I. Rønningsmarken, 79 år, 4. husmor Matea Jensdtr. Rønningsmarken, 57 år, 5. gardbr. Nils A. Flygstad, 67 år, 6. husmor Marte O. Flygstad, 52 år, 7. Arnt N. Flygstad, gardbr.son, 25 år, 8. arbeidar Iver Evensen Rønning, 28 år, 9. husmor Oline Nilsdtr. Rønning, 27 år, 10. gardbr. Berte E. Flygstad, 82 år, 11. gardbr.son Erik Jensen Flygstad, 50 år, 12. lærar Kristian Paulsen, 61 år, 13. tømmermann Kristian Kristiansen Flygstadsløtten, 64 år, 14. smed Kristian Olufsen Voldheim, 40 år, 15. gardbr. Jon Kr. Flygstadhaugen, 46 år, 16. husmor Berte Simensdtr. Flygstadhaugen, 42 år, 17. arbeidar Ole Kristian Flygstadhaugen, 38 år, 18. gardbr. Tore Olsen Veiverud, 56 år, 19. husmor Marie Evensdtr. Veiverud, 48 år. Ein merker seg at dette var i den tid da røysterettsalderen enda var 25 år.

Av handlar i seinare tid med gardane Flygstad og/eller parsellar av gardane tek vi elles med at i 1909 kjøpte så Tore Veiverud brn. 2 Veiverud, og same året kjøpte Jon Flygstadhaugen brn. 13 Haaveløkken av skyld 0,12 mark, og Nils Arnesen overtok i 1912 brn. 7 Flygstad nordre, Arnt A. Brobakken tilhandla seg same året brn. 15 Øien av skyld 0,17 mark. Vidare kjøpte Marie Flygstadhaugen brn. 16 Linbakken. I 1918 overtok Jens Rønning grn. 139, brn. 1 Flygstad søre etter onkelen Erik Flugstad, og sameleis overtok i 1936 Matias Stuksrud grn. 139 brn. 8 Flygstadhaugen etter svigerfaren Simen Hansen. Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 sju bruk under grn. 139 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Dei 7 bruk var:

- a. Grn. 139, brn. 1 Flygstad søre med eit jordbr. areal på ca. 95 mål, som Jens E. Rønning var eigar og brukar av
- b. Brn. 2 Veiverud, jordbr. areal ca. 70 mål, eigar og brukar: Thomas Rud
- c. Brn. 3 Flugstadhaugen, jordbr. areal ca. 135 mål, eigar og brukar: Lars E. Smedsrud
- d. Brn. 2, 10, 11 Voldheim, jordbr. areal ca. 42 mål, eigar og brukar: Johanne Voldheim
- e. Brn. 2, 5, 9 Rønningsmarken, jordbr. areal ca. 72 mål, eigar og brukar Thv. Hestsveen
- f. Brn. Flugstad, nordre, jordbr. areal ca. 165 mål, eigar og brukar: A. Flugstad
- g. Brn. 8 Flugstadhaugen, jordbr. areal ca. 35 mål, eigar og brukar Mathias Stuksrud.

Flygstadrønningen – Rønningsmarka

Eit gardsbruk i Fåberg som reint typisk har hatt to namn er Flygstadrønningen eller Rønningsmarka.

Lenge var det slik at når det galdt noko som hadde med matrikkelen å gjera, da vart den første namneforma brukt. Men samtidig har ein fleire døme på at den andre namneforma vart nytta av bygdefolket i daglegtalen.

I matrikkelframlegget for Fåberg av 1819 er det såleis ført eit sjølvstendig bruk kalla "Flugstad Rønningen", der dei da hadde eit husdyrhald på 2 kyr og ei årleg kornavling på kring 4 tønner bygg. – Ved matrikuleringa i 1838 er namnet skriva "Fløgstadrønningen", og den nye matrikkelskyld av bruket vart da sett til 1 ort 11 skilling. Det er elles opplyst at oppsittaren på bruket da heitte Ole Olsen.

Men etter atter 8 år var i 1846 husbonden Ole Olsen død, og enka Gunnild Andersdotter fekk da heimelsbrev på "Fløgstadrønningen" for sum 260 Spd. Pantergisteret fortel så vidare at enka Gunnild Andersdotter framleis hadde Fløgstadrønningen i 1855, men ho selde da "denne Gaardepart m.m. til Peder Johansen og kone Helene Olsdatter for 247 Spd." Om desse ektefolka finn ein så vidare i ei av Fåberg kyrkjebøker fortalt at dei året etter, altså i 1856, hadde fått ein son som ved dåpen fekk namnet Ole. Av særleg interesse her er elles at det er opplyst at foreldra Ole og Helene da budde på "Rønningsmarken". Ein merker seg og at mor til Ole just var Helene Olsdr., men at namnet til faren Peder her i kyrkjeboka er skriva "Peder Johannessen", som truleg var det rette. Ein merker seg og at Peder da er kalla "gbr. Peder Johannessen". Fire år seinare finn ein faren kalla "forpagter" Peder Johannessen, og det er opplyst at han og Helene Olsdr. da hadde fått ein son til, nemleg Andreas, og at huslyden framleis budde på Rønningsmarken.

I panteregisteret er det vidare opplyst at enka Gunnild Andersdotter framleis levde i 1861. Ho gav da skjøte på ein parsell "Ringan kaldet" av Fløgstadrønningen til Christian Amundsen Blegen for kjøpesum 160 spd. Så å seia samtidig gav og enka Gunnild Andersdotter skjøte til Even Iversen "paa ovenmeldte igjenværende Eiendom for 250 spd." Det går dessutan tydeleg fram at enka Gunnild også framleis skulle ha føderåd på garden. Her er altså fleire tilfelle da garden atter er kalla Fløgstadrønningen.

Etter dette blir det ikkje minst ei interessant oppgåve å finne meir om den nye eigaren og brukaren Even Iversen. Og det viser seg snart at det atter er dåpsboka som er kjelda. Der er det om gbr. Even Iversen og kona hans Marte Johansdr. framleis vidare fortalt at dei i 1861 hadde fått ei dotter, nemleg Ida Laurine, som var namna ho fekk ved dåpen, og at huslyden da budde på "Rønningsmarken". – Seinare fekk så grb. Even Iversen og Marte Johansdr. Rønningsmarken i 1865 sonen Iver, i 1867 sonen Johannes, i 1871 sonen Anton, men som døde i 1873. Ein annen son i 1874 fekk så også namnet Anton, og ei dotter i 1877 fekk namnet Mina. I alle desse tilfelle er det i dåpsboka oppgitt at familien budde på

Rønningsmarken. Ein merker seg at i 1874 er det også oppgitt at faren Even Iversen forutan å vera gardbrukar og var smed.

Ved folke- og jordbrukstellingane i 1865 kom det elles fleire opplysningar om gardane. Der er det så om det gardsbruket ”Rødningen”, som altså Even Iversen hadde i den tid, oppgitt at det samla jordbruksareal da var 28 mål, og av dette var dei 9 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at på det bruket ”Rødningen” som C. Blegen framleis hadde, var dei tilsvarende areal: 12 mål og 4 mål.

Særs opplysende om namnet på garden er elles eit skiftebrev av 19. febr. 1883. Det innleier nemleg med å fortelja at det er skiftebrev ”efter gaardmandskone Marte Johansdatter Rønningsmarken eller Flugstadrønningens dødsbo” og fortel vidare at alle dei 6 borna hennas framleis var i live, og at kvar av dei og fekk tildelt ein arv i kontantar på kr. 92,50. Samtidig vart og tinglyst ei ”Extraktudskrift af modstaaende skifte indeholdende hjemmel til Even Iversen paa denne Eiendom og paa Andel i løpenr. 167 – 9 samt løpenr. 15 – 4 i Gausdal. Desse eigedomane vart da til saman verdsett til 2720 kr.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer, og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre slik at det var 100 øre i 1 mark. Gardsbruket det her gjeld vart da framleis ført under gardsnr. 193 Flygstad m/Ulsrud bruksnr. 5 ”Rydningen” av skyld 0,82 mark, og det var da framleis Even Iversen som var eigar og brukar av garden.

I det kommunale manntal for 1907 er husbonden derimot kalla Even I. Rønningsmarken, og det er opplyst at han da var 72 år. Han var da oppattgift, og kona hans: Matea Jensdtr. Rønningsmarken, var da 57 år. – Men i 1911 var den driftige og dugande husbonden død, og ”Even Iversen Rønningsmarkens hustru Matea” og legitimerte arvingar gav da skjøte på grn. 139 brn. 5 Fløgstadrønningen m.m. til Iver Jensen Rønning for kjøpesum kr. 6455, men i dette var da medrekna ei føderåd av 5-årleg verdi kr. 1375.

I desse same år kom Harald Lunden frå Snertingdal til Rudsbygd. Her vart han gift med Oline Rønning og overtok da garden Rønningsmarken, som han brukte til han i 1929 selde den til svogaren sin Thorvald Hestsveen, som var gift med Inga Flugstad.

Ved jordbruksregistreringa av 1939-40 er det om grn. 139 og 140 brn. 5 og 2, 5 Rønningsmarken oppgitt at det samla jordbruksareal der av åker og hage og eng til saman utgjorde 65,5 dekar og i 1944 71,6 dekar, og eigar og brukar i den tid var framleis Thv. Hestsveen.

Etter bokverket ”Norske Gardsbruk”, 1953, er det vidare oppgitt at garden da hadde seterbol på Storsætra i Gausdal, der det er ei sæterlykkje på ca. 50 da., og husdyrhaldet på Rønningsmarken var da. 2 hestar, 12 storfe, 22 småfe og 6 griser. Av produktiv skog har garden ca. 100 dekar, og husa er branntaksert til kr. 47200. Etter dette er matrikkelskylda på garden høgda til 5,28 mark. Av gamal særmerkt husbunad skal det på Rønningsmarken vera ei gamal stuguklokke merkt med signatur: C C. S No 324.

Eigar og brukar av garden Rønningsmarka er nå i 1965: Arve Hestsveen f. 1922, son av Thorvald Hestsveen og Inga f. Flugstad.